



Rune Ulvatn
Radøyvegen 1539
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2363 - 14/9496

Saksbehandlar:
Kjersti Flatråker
kjersti.flatraker@radoy.kommune.no

Dato:
15.09.2014

Delingssak Gbnr 45/7 Manger - søknad om deling - arealoverføring - tilleggsareal til heilårsbustad

Delegasjonssak nr.: 204/2014

Vedtak:

Det vert gjeve løyve til deling av gnr 45 bnr 7 som omsøkt jfr kart datert på vilkår om at reguleringsplan skal gjelde. Løyvet gjeldt arealoverføring til gnr 45 bnr 143.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 20-1m (deling) og naturmangfaldslova §§ 8-12.

SAKSUTGREIING:

Heimelshavar

Tiltakshavar er heimelshavar til eigedomen.

Tiltak

Det er søkt om deling med føremål arealoverføring til eksisterende eigedom med heilårsbustad. Storleiken på arealet er i søknaden oppgjeve til å vere 270 m², og skal leggjast til gbnr 45/143.

Dokumentasjon og opplysningar i søknaden

Det vert søkt om deling i tråd med reguleringsplan. Det vert elles vist til søknad mottatt 22.08.2014.

Planstatus

Eigedomen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplan for Langhøyane bustadområde, plan id 12602011000100, er definert som område for heilårsbustader.

Kulturminne

Det er ikkje kjente kulturminne i området.


Nabovarsling

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av eigedomen er vist i situasjonsplan datert 22.08.2014.



LOVGRUNNLAG:

Saka skal handsamast etter plan – og bygningslova § 20-1 m om deling og etter naturmangfaldslova §§ 8-12.

VURDERING:

Tiltaket er etter rådmannen sin vurdering i tråd med arealføremål heilårsbustader i plan.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Rådmannen har vurdert omsøkt tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Rådmannen finn ikkje at omsøkt tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt arealplanleggjar Kjersti Flatråker.

Om det ikkje vert klaga på vedtaket går saka vidare til oppmålingsavdelinga i kommunen som tek kontakt for oppmålingsforretning.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Kjersti Flatråker
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Rune Ulvatn

Radøyvegen 1539 5936

MANGER